

Framlegg til innspel til partiprogramma

Til hausten er det val til kommunestyre og fylkesting i Noreg. I dessa dagar driv dei fleste partia og arbeider med å lage eit program framfor dette valet. **Noregs Mållag har laga ei liste over innspel som lokallag og fylkeslag i Noregs Mållag kan spele inn til partia i sin kommune eller i sitt fylke.** Ikkje alle sakene er like aktuelle alle stader, og nokre stader er det kanskje heilt andre saker enn dette som er viktige, dette veit lokal- og fylkeslaga best sjølv. Lista under er berre eit framlegg. Dei fleste slike program skal vedtakast i partia i mars/april, så det kan vere lurt å få sendt dette ikkje så lenge etter jul.

TIL KOMMUNEPROGRAM:

Desse fem emna er ikkje nødvendigvis like aktuelle i alle kommunar, så korleis og kva lokallaga gjer i valkampen er ei lokal vurdering.

• Kommunereforma

I nokre kommunar er dette framleis ei aktuell sak. Her kan det vere litt å hente om ein får inn formuleringar som sikrar nynorskbrukarane gjennom nokre formuleringar.

Framlegg: Nynorskbrukarane i den nye kommunen skal ikkje kome därlegare ut av samanslåinga. Den nye kommunen må sikre nynorsken gode kår i den nye kommunen.

• Nynorskopplæring for vaksne innvandrarar

Innvandring er ein viktig ressurs for mange nynorskommunar. Å gje dei opplæring på nynorsk er viktig for integreringa. Her kan det vere viktig om ein får nokre parti til å forplikte seg til å gå over frå bokmåls- til nynorskopplæring.

Framlegg: X kommune skal gje nynorskopplæring til vaksne innvandrarar.

• Språkdelt ungdomsskule – Odda-modellen

God språkopplæring kjem langt ned på lista når ungdomsskulane skal fordele elevar i nye klassar. Dette råkar nynorskelevane i dei delane av Noreg som har språkblanda skular. Sjølv om retten til å gå i eigen klasse er ein sentral rett som mållaget kjempar for, er det fleire kommunar som deler elevane i ungdomsskulen inn i klassar etter språk. Det kan ein få fleire kommunar til å forplikte seg til.

Framlegg: Nynorskelevane må få gå i eigne klassar på ungdomsskulen for å sikre dei god nok opplæring i hovudmålet deira.

• Språkbruksplan

Dette er eit styringsdokument for språk som eit kommunestyre eller fylkesting kan velje å vedta for sin kommune eller sitt fylke. Dokumentet kan gjerne berre vere eit par sider, men det kan vere svært nyttig for å gje retning for språkval i alle delar av kommunen. Fleire kommunar kan vedta slike planar.

Framlegg: Kommunen skal ha ein språkbruksplan som regulerer språkbruken i kommunen og sikrar nynorsken og nynorskbrukarane på ein god og føreseieleg måte.

- *Digitale lærermiddel*

Nynorske klasserom vert fylte opp av lærermiddel på bokmål. Ifølgje opplæringslova har skuleeigar ansvaret for å oppfylle elevane sine rettar. Nynorskelevane ser mindre av språket sitt rundt seg enn bokmålselevane gjør. Det er difor ekstra viktig at desse får sjå og lese mest mogleg nynorsk i opplæringa. Det finst nynorskklassar i 143 av dei 422 kommunane i Noreg. Lærermiddel som berre kjem på bokmål, er like ulovlege i nynorsk- som i bokmålsklasserom.
Framlegg: X kommune skal ikkje kjøpe inn og nytte digitale lærermiddel som ikkje finst på nynorsk.

TIL FYLKESPROGRAM:

Vgs:

Fylkeskommunen har ansvar for opplæringa i den vidaregåande skulen. Det er her storparten av språkskifta frå nynorsk til bokmål skjer. Det er viktig at fylkeskommunen har ein medviten språkpolitikk for å hindre språkskifte.

Framlegg: I x fylkeskommune skal det ikkje vere vanskelegare å vere nynorskelev enn bokmålselev, og fylket skal ha ein medviten politikk for å hindre språkskifte frå nynorsk til bokmål.